

## Ein liten steinprat attpå 82-sesongen.

Av Torgeir T. Garmo

Også i år har det vorte gjort ei rekkje flotte mineralfunn rundt i landet vårt. Eg vil her skrive litt om nye funn i og nær Otta-dalen, og da med grunnlag i stuffar eg har sett eller etter å ha besøkt lokalitetane.

Og lat meg starta med Kjell Voldheim frå Otta som har hatt ein aktiv sommar. I eit lite, nedlagd kleberbrot fann Kjell tidleg på sommaren små, perfekte og eplegrønne talk-krystaller i druser i magnesitt. Skarpe xls av talk er så sjeldne at dette er ein mineralogisk sensasjon, frå tidlegare har eg berre hørt om talk-xls (kvite) frå Østerrike.

Også omkring heimstaden har Kjell oppdaga to forekomster av skarpt grønne aktinolitt-xls i gråkvit talk. Til den eine, ein olivinknoll nær Haldorpiggen, tok han med ei gruppe frå Fossheim Steinsenter under årets steintreff. Aktinolitt forekjem her både som desimeter-lange krystaller i vakre aggregat og som enkeltxls. i talk. Ved sia av dette fann vi tremolitt, kromitt og ein nydeleg grøn serpentin.

Rundt den velkjende olivinknollen i Raudalen i Skjåk vart det oppdaga fleire nye forekomster av aktinolitt i talk og av hornblende xls og magnetitt xls i kloritt. Dei siste er opp til 1 1/2 - 2 cm store og med skarpe kantar.

Kjell Løkken er ein ny storsamlar frå Skjåk. I heile fjor arbeidde han i tunnelen Fjørå - Tåfjord, og plukka da bl.a. opp ein perfekt, dobbelterminert axinitt-xls på cm. Saman med Sjur Dagestad («Osa-gorilla») gjorde han i sommar eit par raid til tunnelen og kom at med flotte, klare kalkspat xls (med julgolditt), kvarts xls og rikeleg med babingtonitt. Astrid Haugen, Anders Dalseg og undertekna var med ein

tur. Omlag 900 m frå det austlege innslaget er ei sprekkzone med laumontitt, thaumasitt og mindre mengder kalkspat og kloritt. Ved å leggje oss på ryggen og klemme oss inn i ei lita hole kom vi inn i ein 40 cm brei sprekk kantsett med klare laumontitt-xls opp til 5 mm lange. Sprekken var 3 m høg før han kila ut, og det glitra som ei eventyrverd i lommelykt-lyset.

Det var ellers tydeleg at mange samlarar har vore i aktivitet i tunnelen i sommar. Dei store drusene som Knut Eldjarn skreiv om i NAGS-Nytt nr. 2 er utvida og tømde med boremaskin. Og i ein av tunnelane mellom Longe og Overåneset fann Kjell 8 druser som var tømde på denne måten.

I Bøverdalen/Leirdalen var det som vanleg mange samlarar, og dei fleste finn. Serleg er området rikt på små, klare bergkrystallar og druser med minixls av adular, kloritt og anatas. I fleire år har Vegvesenet drivi og utvida vegen der, i vinter blir dei ferdige. Utsiktene kan derfor bli dårlegare framover, men ennå har Bøverdalen att mange lier og urer der ennå ingen har leit!

Nær Bøverkinnhalsen fann ein tysk samlar tett med druser i ein kvartsgang som krysse sparagmitten. I drusene var gul, vassklar stilbitt og børstar av skolesitt xls opp til 10 mm lange.

Til Leirdalen dreg dei fleste for å finne mylonitt til sliping, og kjeldane ser ut til vera nær utømelege. Ei ny bru over Leira ved Illåranden har opne eit nytt område for samlarane. Ved ein tur til Hurrbreen på årets hausttreff, vart det funne mange stuffar med ged. koppar og krystokolla.

Sjølv er eg mest nøgd med funn av ein ny forekomst av klinozoisitt (terminer-

te xls opp til 11 cm) og små klare zirkonar. Lokaliteten er den urete og stupbratte lia opp for Sletthamn, og i ham-maren heilt på toppen fann eg ein meterbrei gang av zeolitlar (ves. heulanditt) med talrike holrom.

Til slutt skal eg drage vetsover og nemne eitt av årets største funn, i den nå opna tunnellen i Austmannlia i Røldal. Arne Vatn frå Stord var den fyrste som dukka opp i Lom med materiale derfrå, seinare kom Astrid Haugen med meire. I fylgje desse låg drusa høgt oppe i profilen omlag 30 m innafor innslaget. Arbeidarane hadde plukka med seg dei største og finaste (vassklare) bergkrystallane, men brydd seg lite om resten. På ein kvartsittisk bergart hadde det vakse bleikrosa/raude feltspat xls på 4-6 mm, av utsjåande kunne dei minne

litt om dolomitt. Saman med feltspaten (ennå ikkje nøyare bestemt) var altså kvartsxls og 2 typar kalkspat: ørsmå, gule xls og grovare klare/kvite xls.

Avsett samtidig/seinare enn feltspaten v ar brune, skarpe xls av axinitt opp til 1 cm, men vanlegvis omlag det halve. Heile paragenesen var av og til dekt av kloritt.

Dette druseromsmaterialet er svært vakkert, men dessverre var storparten av axinitt-xls knust.

Fotografia av dette funnet er tekne av Arne Vatn.

Sigmund Hansen ved Geologisk Museum i Bergen fant at xls var titanitt. Det er da spørsmål om det er både titanitt og axinitt i forekomsten?

Eg så anna materiale i Bergen som ennå ikkje er bestemt.

### Ny amatørforening i Danmark

Det ble ifjor høst, første august, dannet en ny forening i København. Generalforsamlingen utarbeidet følgende formålsparagraf. Klubben «København Amatør-Mineralogiske selskab», har som formål å samle alle interesserte systematiske samlere av mineraler og å drive klubben for utbredelse av denne hobby. Det er også klubbens formål å arrangere foredrag, møter og kurser, samt øvrige aktiviteter innenfor mineralogi og beslektede vitenskaper.»

De ønsker å starte klubben forsiktig med begrenset medlemstilgang.

Formann Richard Schøler  
er: Grøftehusen 5.2 Askerød  
2670 Greve Strand  
Danmark.

Foruten å eksistere som klubb har de også tenkt å utgi noe skriftelig. De har nemlig valgt en redaktør, som mange her på berget kjenner fra før.

Han heter: Niels Østergaard Knudsen  
Ordrupvej 98 D  
2930 Chl - Danmark.

Vi i NAGS ønsker tillykke med den nye forening og håper på et varmt samarbeid i tiden som kommer.

### Sjelden krystall funnet i Sel.

*Fra Gudbrandsdølen*

En mineralsensasjon av de store er funnet i Sel, hvor Kjell Voldheim fant en talkkrystall i et nedlagt kleberbrudd ved Otta. Mineralogisk-Geologisk Museum i Oslo har undersøkt funnet, blant annet med røntgenapparat, og konkluderer med at talk med så betyde-

lige krystaller av mineralet er meget sjeldent i Norge.

Museet vil derfor gjerne beholde krystallen, melder Gudbrandsdølen.

Denne mineralkrystall regnes for å være toppen av naturens underverker for en steinsamler i Norge.